LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 20.07.2017 |
| Vår: 14/1712 - 17/21463 | KBJ@lindas.kommune.no | |

KOPI

# Mellombels bruksløyve 3 for delar av VVA-anlegg - gbnr 202/3 Hjelmås

**Administrativt vedtak. Saknr: 350/17**
**Tiltakshavar:** Hjelmåsen As
**Ansvarleg søkjar:** Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

**Tiltaket**
**Løyve til tiltak** av 08.10.2014 gjeld veg, vatn og avløp m v for heile feltet.
**Mellombels bruksløyve 1**, datert 30.07.2015 gjeld VA-tracé 1.Gyldig til 01.08.2017.
**Mellombels bruksløyve 2**, datert 30.09.2015 gjeld veg frå fylkesvek fram til profil 140, gyldig til 01.10.2017.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert [dato].

Ansvarleg søkjar har stadfesta at anlegget har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

(Frå søknaden om mellombels bruksløyve)
Opparbeiding av veg frå P400 til P580.
Justering av veg ned mot ny pumpestasjon.
VA-anlegg frå K46 til K49.
Asfaltering og etablering av betongkantar for fortau.

I tillegg omfattar løyvet opparbeiding av leikeareal med tilkomst.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket: Veganlegg og VA-anlegg frå krysset med fylkesvegen fram til profil 400.

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Ansvarleg søkjar har ikkje opplyst tidspunkt for ferdigstilling. I tidlegare søknad vart det bedt om mellombels bruksløyve for 2 år.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.07.2017

**VURDERING**
Lindås kommune VA-avdelinga har i brev 08.05.2017 godkjent den utførte delen av VA-anlegget, med krav om mindre utbetringar. VA-avdelinga opplyser at anlegget kan takast i bruk. Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det på den utførte delen av anlegget står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Helleåsen bustadfelt, gbnr 202/3 Hjelmås |
| Bygningstiltak: | Opparbeiding av veg, vatn- og avløpsanlegg og annan infrastruktur for feltet . |

## VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av VVA-anlegg på gbnr gbnr 202/3 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket:**
   **- veg frå fylkesvegen fram til profil 400**
   **- anlegg for vatn og avløp fram til same punkt**

2. **Ferdigattest skal ligga føre innan 22.07.2019.**

**Bortfall av mellombels bruksløyve**
Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest/nytt bruksløyve. Om det ikkje ligg føre ferdigattest/nytt bruksløyve innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 14/1712**



KOPI

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

KOPI

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS | | | |
| Geir Styve | Hjelmåsen 37 | 5915 | HJELMÅS |
| Hjelmåsen A/S | Hjelmåsen 37 | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |